JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

ÅRSMELDING 2002



STATENS NATUROPPSYN JOSTEDALSBREEN

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Statens naturoppsyn Rapport 25 (2005)

FØREORD

Dette er den tiande årsmeldinga for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta ved Kongeleg resolusjon i Regjeringa 25.10.1991. Nasjonalparken vart ved Kgl. res. 18.06.1998 utvida, og utgjer i alt ca. 1310 km^2.

Naturoppsyn Anne Rudsengen (Statens naturoppsyn) og rådgivar Tom Dybwad (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) har skrive årsmeldinga.

Ettersom Nigardsbreen naturreservat grensar til Jostedalsbreen nasjonalpark på tre sider, er delar av årsrapporten innarbeida i denne årsmeldinga.

Stryn/Leikanger september 2003

Anne Rudsengen (sign.)
SNO - Jostedalsbreen

Tom Dybwad (sign.)
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Framside: Markering av FN sitt internasjonale fjellår: Tur langs driftevegen, frå Erdalen i Oppstryn til Fåbergstølen i Jostedalen. Eit av taulaga på veg ned Lodalsbrekka. Småttene og Brenibba i bakgrunnen.
Foto: Nils P. Støyva

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK: ÅRSMELDING 2002

INNHALD:

1. INNLEIING

2. ADMINISTRASJON

- 2.1 Forvaltning og naturoppsyn
- 2.2 Statens naturoppsyn
- 2.3 Organisering og personell
- 2.4 Det rådgjevande tilsynsutvalet
- 2.5 Forvaltningsplan og skjøtselsplan

3. STATUS OG AKTIVITET

- 3.1 Dispensasjons- og forvaltningsarbeid
- 3.2 Oppsynsaktivitet
- 3.3 Grensemerking
- 3.4 Informasjon og formidling
- 3.5 Skjøtsel og tilrettelegging
- 3.6 Friluftsliv og rekreasjon (ferdsel og turisme)
- 3.7 Målingar av breen
- 3.8 Landbruk
- 3.9 Dyreliv og jakt
- 3.10 Forsøpling og slitasje
- 3.11 Bygge- og anleggsaker
- 3.12 Motorisert ferdsel
- 3.13 Andre dispensasjonar
- 3.14 Tiltak som har fått tilskot
- 3.15 Tiltak og aktivitetar i tilgrensande område
- 3.16 Andre tiltak og aktivitetar

4. SENTRALE ARBEIDSOPPGÅVER

VEDLEGG 1. Medlemmar av det rådgjevande tilsynsutvalet
VEDLEGG 2. Retningslinjer for det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken
VEDLEGG 3. Bilete frå aktivitetar og hendingar i 2002 (s. I – IV)

1. INNLEIING

Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken ved Kongeleg resolusjon i Regjeringa 25.10.1991 med eit areal på 1230 km^2. Nasjonalparken vart utvida med ca. 80 km^2 i Stryn kommune den 18.06.1998. Nasjonalparken ligg i kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke, og utgjer i alt 1310 km^2.

Formålet med nasjonalparken går fram av verneforskrifta pkt. III:

"- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentleg naturleg tilstand.
- å gje ålmenta høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv, som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap."

Verneformålet er retningsgjevande for forvaltninga av nasjonalparken.

Nigardsbreen naturreservat (28 km^2, oppretta i 1985) grensar til nasjonalparken. I nokon grad vert aktivitet her omtala i årsmeldinga.

2. ADMINISTRASJON

2.1. Forvaltning og naturoppsyn

Forvaltning og naturoppsyn i Jostedalsbreen nasjonalpark er organisert slik:

- Fylkesmannen er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken, og står for (forvaltnings-)planlegging og handsaming av alle dispensasjonssaker i med hald av verneforskrifta.
- Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for alt oppsyn, som innebere informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, dokumentasjon og kontroll.

Det rådgjevande tilsynsutvalet, der alle dei sju kommunane med areal i nasjonalparken (Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn) har eit medlem kvar, gjev råd om dei store linjene i forvaltninga av nasjonalparken.

2.2 Statens naturoppsyn

Frå 1. januar 2000 er Statens naturoppsyn (SNO) fast etablert med lokalkontor for Jostedalsbreen nasjonalpark, med kontorstad ved Jostedalsbreen nasjonalparksenter i Stryn.

Bakgrunnen for SNO er *Lov om Statleg naturoppsyn* som vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn vart oppretta ved kongeleg resolusjon 25.10.96.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman er det pr. 04.06.03 i alt 33 lokale SNO-stillingar. Desse er knytt til dei store verneområda i Sør-Noreg, verneområde på kysten, som koordinatorar for rovviltarbeid og arbeid med skadefelling. SNO har ein samarbeidsavtale med Statskog der ein kjøper inn tenester frå Fjelltjenesten i Nord-Noreg. I tillegg vert det òg kjøpt inn tenester frå andre aktørar som Fjellstyra og Skjærgårdstjenesten. Til saman, utrekna i årsverk, utgjer eigne tilsette og innkjøpte tenester i alt 85 årsverk.

Formålet med SNO er å ta vare på nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjere vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn. Det vil seie utøve oppsyn etter sju særlover (laks- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdselslova, friluftslova, kulturminnelova og delar av ureiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon og i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver. Når forvaltningsstyremakta ved fylkesmannen ynskjer det, gir SNO fagleg innspel til sakshandsaminga. Dette kan tildømes vere innspel om naturtilhøve i eit område.

Det geografiske hovudarbeidsområde for det lokale SNO-kontoret er Jostedalsbreen nasjonalpark. Andre feltoppgåver er m.a. knytt til mindre verneområde, dokumentasjon av dei store rovdyra og arbeid knytt til miljøvernlovverket som ulovleg motorferdsel i utmark. SNO har også eit samordningsansvar for alt oppsynsarbeidet i landet og lokalkontoret tek del i dette arbeidet.

Statens naturoppsyn sine arbeidsoppgåver dekkjer eit vidt fagfelt:

- å ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk
- å førebyggje miljøkriminalitet
- rettleiing og informasjon
- praktiske skjøtselsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon
- opplærings- og kompetansetiltak
- samordning av ulike oppsynsordningar

2.3 Organisering og personell

Tom Dybwad er tilsett som rådgjevar hos fylkesmannen og er sakshandsamar for Jostedalsbreen nasjonalpark. E-postadresse: tom.dybwad@fm-sf.stat.no

Anne Rudsengen er tilsett som naturoppsyn ved SNO sitt lokalkontor. E-postadresse: anne.rudsengen@dirnat.no

I tillegg har følgjande personell delteke i oppsynstenesta for 2002: Oppstryn fjellføring ved Ingolf Folven (naturoppsyn – skjøtselsarbeid) og Luster kommune ved Einar Fortun (oppsyn Nigardsbreen), samt innkjøp av tenester frå Jostedalen Breførarlag.

2.4 Det rådgjevande tilsynsutvalet

Det rådgjevande tilsynsutvalet for nasjonalparken, der alle kommunane med areal i parken er representerte, held eitt til to møte i året. Utvalet skal gje råd om dei store linjene i forvaltninga av nasjonalparken. Einskildsaker vert berre tekne opp dersom dei har prinsipiell interesse. Til vanleg vert det halde eit møte om våren der ein diskuterer siste års forvaltning, der ein då trekkjer opp linjer for forvaltninga komande sesong (for mandatet til utvalet, sjå vedlegg).

Møtet i det rådgjevande tilsynsutvalet vart halde på Melkevoll Bretun i Oldedalen, Stryn 26.-27.08.2002. Hovudtema på møtet var:

- oppsummering av forvaltninga i 2001
- forvaltningsutfordringar i 2002
- samarbeid om informasjon framfor brearmane
- arrangement i nasjonalparken
- Europarc 2003
- vidareføring av Naturbruksprosjektet

I tillegg hadde Inge Melkevoll og Per Briksdal kvar si orientering om Briksdal og fjellstova, hesteskyss og Olden vatn

Ernst Veum, ordførar i Luster kommune, er leiar i utvalet, og Nils P. Støyva, ordførar i Stryn kommune er nestleiar.

2.4. FORVALTNINGSPLAN OG SKJØTSELSPLAN

Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark byggjer på verneforskrifta og gir retningslinjer for bruk og vern av området. Planen vart godkjend i 1994 etter forutgåande høyring. I planen vert nasjonalparken delt inn i soner, der Fåbergstølsgrandane er i spesiell vernesone, breplatået i sone utan spesiell tilrettelegging og inngrep, og dalane stort sett er i brukssone. Ein internettversjon av forvaltningsplanen med oppdatering av dei viktigaste endringane blei lagt ut i på fylkesmannen sine heimesider i mars 2002 (sjå **http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/Miljo/forvaltningsplan/JOSTFORvpl2002.pdf**)

Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn er ei oppfølging av vedtaket om utviding av nasjonalparken i desse områda av 18.06.1998. Fylkesmannen godkjende ein planen i mai 2001 etter forutgåande høyring av framlegg til plan. Skjøtselsplanen byggjer på verneforskriftene og forvaltningsplanen for nasjonalparken. Formålet med skjøtselsplanen er å avklare og kome fram til:

- kva for tiltak som er ønskjelege og trengst for å oppretthalde naturkvalitetane i området inklusive kulturlandskapet
- kva for tiltak som er viktige for grunneigarane
- ordningar som både grunneigarar og forvaltningsstyresmaktene er tente med

Skjøtselsplanen har stort sett fått god mottaking. Fylkesmannen og SNO tek sikte på å følgje opp tilrådingane i skjøtselsplanen i åra som kjem. Grunneigarane gjer kvart år ein innsats i tråd med planen.

Nigardsbreen naturreservat fekk godkjend forvaltningsplan i 1997.

3. STATUS OG AKTIVITET

Etter at forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart godkjend av fylkesmannen i juni 1994, har ein søkt å følgje retningslinjene i denne i den daglege forvaltninga og oppsynet. Nasjonalparken er inndelt i 4 sonekategoriar: spesiell vernesone, sone utan tilrettelegging og inngrep, brukssone og sone med tilrettelegging og inngrep. Soneinndelinga er i tråd med retningslinjene som Direktoratet for naturforvaltning har for forvaltning av nasjonalparkar.

Jostedalsbreområdet utgjer eit av dei største områda med kvalifisert villmark (villmarks-prega område) i Sør-Noreg, det vil si område som ligg meir enn 5 km frå veg, busetnad og større tekniske inngrep som kraftutbygging, kraftlinjer osv. (jf. DN-rapport 1994-6 «Inngrepsfrie naturområder i Norge»). Inngrep som skjer nærare enn 5 km frå område med kvalifisert villmark vil såleis redusere areal med denne kvaliteten. Det er ikkje registrert nye større inngrep i tilgrensande område i 2002.

3.1. Dispensasjons- og forvaltningsarbeid

I 2002 har fylkesmannen handsama 20 journalførte saker vedrørande Jostedalsbreen, mot 23 i 2001. I tillegg kjem saker vedrørande Nigardsbreen, i alt 12 saker i 2002 mot 6 saker i 2001.

3.2 Oppsynsaktivitet

Feltaktiviteten i nasjonalparken utgjorde til saman 70 dagsverk. Sidan oppretting av nasjonalparken har omfanget av oppsynet/feltarbeidet vore slik (dagsverk):

1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002
25,5	43	38,5	30	45	45	30	48	64	61	70

I Nigardsbreen naturreservat er det utført tre vekeverk, det vil si 15 dagsverk frå innkjøpte tenester.

Det er registrert eit brot på forbodet mot motorferdsel i Nigardsbreen naturreservat i 2002 med ulovleg bruk av snøskuter. Saka vart avgjort med forelegg. Det blei gjeve ei åtvaring mot ulovleg camping i naturreservatet. Elles er det ikkje registrert ulovlege tilhøve i nasjonalparken eller naturreservatet i

2002. Til saman er kring 500 personar blitt informerte ute i felt om nasjonalparken og den naturarven som parken representerer.

Jostedalsbreen nasjonalpark har mykje besøk sommarstid og det er stor interesse og eit høgt aktivitetsnivå med mange aktørar i og rett utafor nasjonalparken. Arbeidet til SNO-Jostedalsbreen er også av koordinerande karakter i høve aktuelle aktørar på tema som gjeld landbruk og informasjonsarbeid. Arbeidet til SNO-Jostedalsbreen er også å vere katalysator for arrangement og tiltak for å fremje interessen og forståinga for nasjonalparken.

3.3 Grensemerking

Grensene for nasjonalparken skal vere merkte med faste boltar i grensepunkta, det vil si knekkpunkta for grensa. Der det er faste merke frå før, til dømes på trigonometriske punkt, eigedomsgrensemerke, steinvardar eller liknande, skal det ikkje tilleggsmerkast.

Der mykje brukte stiar kryssar grensa for nasjonalparken, skal det stå grenseskilt, og det er i alt satt opp 32 slike grenseskilt. Følgjande arbeid vart utført på grenseskilt i 2002:

Grenseskiltet i Søgnesanddalen var sett opp på feil stad, og vart flytta til rett stad.
Grenseskiltet ved Fossdøla, på veg opp til Skåla, mangla og nytt er sett opp.
Grenseskiltet ved Melkevoll mangla, nytt er sett opp.
Grenseskiltet ved Briksdalsbreen var krota til med tusj, nytt er sett opp.

3.4 Informasjon og formidling

Informasjonsplakaten, som var ferdig i 1995, er sett opp ved mest alle dei viktigaste innfallsportane. Alle aktuelle stader har kommunane, (og eventuelt andre) fått tilbod om tilskot til informasjonstavle for plakaten. Framleis manglar nokre av informasjonstavlene som var prioriterte i forvaltningsplanen. I Veitastrond er nøyaktig plassering av tavlene enno ikkje avgjort. I samarbeid med fylkeskulturkontoret er det utarbeidd ein mal for informasjonstavler, og mange har nytta denne. Det er enno att eit brukbart opplag av plakaten både i mjuk og hard utgåve. Det har frå fleire hald kome ynskje om å sette opp større informasjonsskilt i tre ved dei største innfallsportane til nasjonalparken. Informasjonsbrosjyren om Jostedalsbreen nasjonalpark kom i ny og revidert utgåve i 1999.

<u>Arrangement i samband med internasjonale fjellåret</u>
Bygdene Oppstryn og Jostedalen var dette året samstundes med i Fylkesmannen sitt bygdeutviklingsprosjekt der ei viktig oppgåve er å få større aktivitet, merksemd og identitet til bygdene. Dette heng saman med SNO sitt *mandat* der ei sentral arbeidsoppgåve er å få fram og spreie kunnskap om naturen og kulturhistoria knytt til nasjonalparken. Ettersom Jostedalsbreen nasjonalpark ligg midt mellom bygdene og dei har naturen og kulturhistoria som ein fellesnemnar, så vart det naturleg å få til eit arrangement som handla om ferdsle. Til saman var det sju arrangørar og eit program som gjekk over tre dagar:

Fredag 5. juli
Jostedalsbreen Nasjonalparksenter kl 16.00:
- ”Gamle ferdselsvegar over breen” ved Ragnar Standal
- Film Utstilling

Vetledalssetra frå kl 18
- Grillkveld og sosialt samver v/ Oppstryn Ungdomslag
- Høve til overnatting i hytte eller lavvo

Laurdag 6. juli:
Bretur Vetledalssetra – Stegholtbreen.
Start frå Vetledalssetra kl 08.00.
Breheimsenteret i Jostedalen kl 20.00:
- Kulturelt innslag
- Utstillinga er open
- Brepub og dans

Overnatting på Solvang kafè og pensjonat eller hytter

Søndag 7. juli:
Retur til Stryn med buss kl 11.00
Eventuelt tur tilbake over breen etter ønskje.

Arrangørane var: **Oppstryn Bygdeutviklingslag, Jostedalen Bygdelag, Oppstryn ungdomslag, Indre Nordfjord Turlag, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, Breheimsenteret, Statens Naturoppsyn – Jostedalsbreen**

Arrangementet var svært vellukka med stor deltaking på alle delar av programmet.

Formidlingsprosjekt
Formidlingsprosjektet vart vidareført ved Jostedalsbreen nasjonalparksenter i 2002 med to turar: Ein geologisk vandring i Bødalen og ein geologisk vandring i Erdalen.

Nasjonalparksentra
Jostedalsbreen nasjonalpark er - med tre autoriserte nasjonalparksentre (1996) - i ei særstilling i høve til andre nasjonalparkar med omsyn til informasjonstilbod. Det er knytt visse føresetnader til autorisasjonen som nasjonalparksenter, mellom anna ein plan om eit nettverksamarbeid mellom dei tre sentra rundt Jostedalsbreen. Nettverksamarbeidet kom i gang hausten 1997 og er seinare vidareført. Fylkesmannen etterser at føremålet med autorisasjonen vert følgd opp.

Dei tre naturinformasjonssentra blir nytta av mange brukergrupper, frå cruiseturistar som berre er på eit kort stopp til skuleelevar som har undervisningsopplegg som varer heile dagen..

Tal besøkande til nasjonalparksentra dei siste åra:

	1995	**1996**	**1997**	**1998**	**1999**	**2000**	**2001**	**2002**
Breheimsenteret	17.000	15.000	15.000	17.000	16.000	16.500	17.000	17 000
Norsk Bremuseum	87.000	76.000	65.000	71.000	61.000	59.500	60.500	51.800
Jostedalsbreen NPS	20.000?	21.000?	15.000	12.000	13.000	17.500	18.000	33.700

Norsk Bremuseum hadde også i 2002 temautstillinga om Ismannen Ötzi og breaktuelt har vore *Brear på New Zealand*. I samarbeid med Fjærland Sogelag vart det sett opp ei utstilling om dagleglivet i Fjærland før i tida og i dag. *Breturkartet*, med oversikt over turtilboda med førar på Jostedalsbreen vart utgjeve som tidlegare år. Norsk Bremuseum hadde i alt 43 besøk frå 38 ulike skular og universitet, og av desse var åtte skular/uninversitet frå Sverige, Tyskland, Tsjekkia, Litauen og USA med eigne undervisningsopplegg. I alt besøkte 1007 skulelevar og 1513 studentar Bremuseet i 2002. Utstillinga om nasjonalparkar med vekt på Jostedalsbreen nasjonalpark i undervisningsbygget er gratis og hadde omlag 9000 besøk i 2002. Norsk Bremuseum har 4 heilårstilsette og ytterlegare 20 personar på deltid, i alt 7,5 årsverk.

Breheimsenteret i Jostedalen har eit tett samarbeid med Jostedalen breførarlag og senteret fungerer som knutepunkt for all bre- og fjellaktivitet i Jostedalen sommartid. Breheimsenteret er ein viktig informant til turistane om breen, nasjonalparken og kva ein kan oppleve der. Sommaren 2001 starta Breheimsentert i samarbeid med breførarlaget og Brevegen ei informasjonsteneste i høgsesongen på parkeringsplassen ved Nigardsbreen. Dette er også utgangspunktet for båten Jostedalsrypa. Personen fungerte som billettseljar og informant til dei besøkande. Denne ordninga har vorten vidareført i 2002. Breheimsenteret med kafeen er eit viktig samlingspunkt for både folk lokalt og tilreisande sommartid og dei faste brepubane på fredagskveldane er populære og trekker mykje folk. Sjå tal for bruk av bomvegen og båttrafikken, kap.3.6.

Jostedalsbreen nasjonalparksenter var i 2002 prega av høg aktivitet med rekordstort besøk og med mykje utviklings- og prosjektarbeid. Besøkstalet hadde ein auke frå 18.000 i 2001 til 33.700 i 2002. Nasjonalparksenteret lanserte ein ny film som hadde première på denne 25. mai. Filmen kan visast med anten norsk, engelsk, tysk, fransk, spansk eller italiensk tale. Senteret hadde i alt 13 ulike arrangement, mellom anna markering av den Europeiske nasjonalparkdagen 24.mai og geologiske vandringar i nasjonalparken. Jostedalsbreen nasjonalparksenter fekk dette året eit utviklingstilskot på kr. 200.000 frå SND der hovudsatsinga har vore retta mot gruppe- og cruisetrafikken og der senteret har

arbeidd med ein ny profil. Nasjonalparksenteret var tildelt sekretæriatansvaret for Europarc2003 og brukte mykje planleggingstid i 2002 til dette (sjå eige punkt om Førebuing til Europarc2003).

Informasjon om farane ved og på breen
Mange av brearmane frå Jostedalsbreen er store turistattraksjonar med høge besøkstal gjennom sommaren. På grunn av breen sine rørsler vil brefronten endre seg frå år til år og gjennom året. I dette "urolege landskapet" vil det difor vere fare for både is-ras, steinsprang og flaumvatn kring fronten. Allemannsretten i friluftslova gjer at alle kan ferdast fritt i utmark, også framfor brear og anna terreng som kan utgjere fare. Denne ferdsla skjer på eige ansvar, og allemannsretten er eit gode som er og har vore viktig å verne om i Noreg. Trass fri ferdsel på eige ansvar, så kjenner mange aktørar eit ansvar for å informere om farane framfor breen, og hindre at urøynde går inn på breen. Difor blir det framfor dei mest tilgjengelege brearmane sett opp informasjonsskilt og tausperringar. Samarbeidet om dette er noko ulikt frå stad til stad.

Framfor Nigardsbreen er det eit utvikla samarbeid som har fungert i mange år. Her vert det gjort ein felles vurdering og felles oppsett av informasjonskilt og tausperringar av lensmannen, Breheimsenteret, Jostedalen Breførarlag, A/L Brevegen, oppsynet og fylkesmannen. I 2002 vart det halde fellesmøte 7. mars og felles synfaring med utsetjing av tausperringar og skilt 6.juni.

Framfor Supphellebreen og Bøyabreen har grunneigarar og representantar frå reiselivsbedrifter teke eit ansvar.

Dei andre aktuelle brearmane som har informsjonskilt og/eller tau/kjettingsperringar er: Briksdalsbreen, Kjenndalsbreen, Brenndalsbreen, Bødalsbreen, Austerdalsbreen og Bergsetbreen. For desse brearmane har det i hovudsak vore private aktørar som har gjort ein innsats. SNO vil ta initiativet til eit samarbeid mellom reiselivsaktørar, kommune/lensmannskontor og andre aktuelle partar for å finne fram til årlege løysingar på dette informasjonsbehovet.

Ved Briksdalsbreen har ein dette året fjerna kjettingar og jarnpålar ettersom dei ikkje hadde noko funksjon lengre. Breen har trekt seg såpass mykje tilbake at han er vorten flatare i fronten. Problemet no er at besøkande går 30-40 meter innover breen utan korkje stegjarn eller isøks. Dette skaper ekstra arbeid for breførarane som gjerne må hjelpe ned og ut frå breen.

Ved Brenndalsbreen vart det ikkje sett opp advarselsskilt. Her har breen trekt seg tilbake slik at han ikkje lengre ligg og presser på endemorena på svaberga.

Ved Nigardsbreen vart det i 2002 gjort fleire tiltak for å sikre dei besøkande mot –det levande landskapet- og samstundes gi dei høve til gode naturopplevingar. Den nye brua, *Jungelbrua*, over fyrste elva frå kaia fungerte godt. Dei som ikkje var med på guida tur vart sette av med båten på nordsida av breen slik at dei kunne gå fram til *utsiktspunktet* og tausperringane og advarselsskilta. Dei som skulle på bretur vart med båten til sørsida og gjekk der fram til breen. Dette området er noko utsett for steinsprang, men er einaste aktuelle passasje fram til innsteget til breen. Dette året var det eit større steinras på sørsida av breen tidleg i juli, nær opprinneleg innsteg, slik at oppgangen til breen måtte flyttast litt meir mot midten av breen. Ettersom breen er bratt i fronten måtte det ein del "anleggsarbeid" til for å tilrettelegge for dette.

Som oversikta i kapittel 3.7 viser så har mest alle brearmane trekt seg tilbake dei siste åra. Det vart difor i 2002 sendt ut ein invitasjon til breførarlaga og andre reiselivsaktørar kring breen om å kome med attendemelding på utforming av ny informasjon framføre brearmane. Dei eksisterande advarselsskilta er også snart oppbrukte. Ved at breane trekker seg tilbake så utgjer ikkje sjølve breen den største faren men meir det ustabile underlaget der breen nyleg har lege. Faren for steinras, steinsprang og utgliding av steinar vil difor vere ein aukande fare. Forslag til ny tekst på eit generelt advarselsskilt er følgjande:

Forslag til ny tekst på skilta:

FARE! DANGER!

Brelandskapet er i stadig endring og det er fare for:

- Steinsprang frå dalsidene ved breen
- Isras og kollaps frå brefronten eller frå breen høgare opp
- Plutseleg flaum i breelvane

På breen er det alltid sprekkar, og dei kan bli 30 meter djupe. Bresprekkar kan vere dekte med snø som ikkje vil tåle tyngda av ein person. Breoverflata er glatt og ferdsel utan breutstyr kan føre til utgliding og skader.

Gå aldri på bre utan erfaren breførar!

Grunna uavklarte forhold på ansvar og økonomi er ikkje skilta sette i produksjon. Det er også ulike tilbakemeldingar på utforming i høve kor mange utanlandske språk som skal nyttast og bruk av figurar.

3.5 Skjøtsel og tilrettelegging

Skjøtsel og tilrettelegging er viktige oppgåver i ein nasjonalpark som har så mykje besøk som Jostedalsbreen nasjonalpark. Oppsynet si hovudoppgåve er å halde oversyn over kva som skjer i området og rettleie andre som ønskjer å gjennomføre tiltak som er i tråd med verneformålet med nasjonalparken. Ei sentral oppgåve er såleis å kome med innspel mellom anna til tilretteleggings- og informasjonstiltak som andre aktørar ønskjer å gjennomføre.

I 2001 vart det utført utbetringsarbeid på stien innafor Bødalseter. Dette er eit vanskeleg område med myr og vass-sig. Det viser seg at det må meir omfattande arbeid til for å få denne strekningen tilfredsstillande. Langs denne stien, som langs mange stiar, så er det også naudsynt med årlege ”vårpuss”, det vil seie at ein må opne veiter og klopper som er tetta til i løpet av vinteren. Brua over elva har også fått eit større hol, men er ikkje farleg å nytta for personar. Kring 10.000 personar nyttar stien mellom Bødalseter og Bødalsbreen årleg.

I Lundeskardet heldt ein fram med eit større og tyngre restaureringsarbeid på dei brattaste partia. Det vart mura opp trinn på sva og jarn-wire vart skifta ut og festa på utsette stader.

Både i Oldeskardet og i Vetledalen var det utført noko vedlikehald av stien. Her vart også aktuelle kjettingar og anna sikringsutstyr målt opp med tanke på utskifting.

I Sunndalen vart det på dugnad utført mykje tilretteleggingsarbeid med bygging av sankekve, bygging av bruer og kloppar og rydding av attgrodd beitemark framføre Sunndalsetra.

<u>Driftevegane gjennom nasjonalparken</u>
Det vart sett fokus på driftevegane gjennom nasjonalparken dette året. Dette passa også godt inn med eit prosjekt fylkeskommunen heldt på å sluttføre der ein kartlegg traseane, samlar historie og kjem med forslag til tiltak som bør følgjast opp lokalt. To større driftevegar gjekk gjennom det området som no er nasjonalpark. Kanskje den mest nytta var inn Erdalen, opp Erdalsbreen, ned Lodalsbrekka og Lodalsbreen og ut Fåbergstølsgrandane. Driftene pågjekk i fleire hundre år og heldt fram til ca. 1900. På denne tida hadde breane ei noko større utbreiing og vart meir ein *naturleg veg* enn det dette område utgjer i dag. Spesielt er terrenget etter at ein kjem ut av Lodalsbreen vanskeleg tilgjengeleg. Her er mykje ur ut Stordalen og store elvar og legdeskog framover Fåbergstølsgrandane. Aktuelle tilretteleggingstiltak i dette område vil vere omfattande. Eit anna viktig tilhøve er også at det ikkje bør kanaliserast ferdsel inn i det sårbare sanddur-landskapet som Fåbergstølsgrandane utgjer. Fåbergstølsgrandane er einaste område i nasjonalparken som har sonekategori *spesiell vernesone.*

Ein annan veg som vart nytta var inn Sunndalen, vidare opp Kamprehamrane inst i dalen og ned til Rauddalen og ut til Sjåk. Her var det ikkje bre å krysse og for å gjere ura opp Kamprehamrane lettare tilgjengeleg var det bygd trinn. Langs vegen står det også store og særmerkte vardar, fleire med eigne namn. Det har frå ulike hald vore ynskjeleg å vedlikehalde og restaurere denne ferdslevegen. Det er utført noko kartlegging og noko vedlikehald. Også for dette område har ein ulike interesser ettersom ein her kjem inn i villreinområde og ein utifrå det ikkje ynskjer for stor ferdsle.

3.6 Friluftsliv og rekreasjon (ferdsel og turisme)

Samanlikna med dei andre store fjellområda og nasjonalparkane i landet, så er det i Jostedalsbreen nasjonalpark ikkje så lett å gå frå hytte til hytte eller vere undervegs i fleire dagar. Måten å gjere dette på er å krysse breen og ligge over på hyttene som ligg i ytterkant av breen, eller nede i dalane. Dette krev brerøynsle og god trening.

Dei fleste som besøker nasjonalparken går difor på dagsturar i ytterkanten av parken. Dei mest besøkte stadene er inn mot Briksdalsbreen, Bøyabreen, Supphellebreen, Kjenndalsbreen og Nigardsbreen. Det er vanskeleg å gje sikre tal for omfanget av besøkande til desse stadene.

Talet på turistar ved Nigardsbreen kan visast gjennom kor mange betalande køyrety på Brevegen og kor mange som nytta båten Jostedalsrypa på Brevatnet:

	1999	**2000**	**2001**	**2002**
privatbilar	11070	11003	10727	10856
motorsyklar	643	641	601	562
bussar	244	240	245	300
passasjerar med båten	19640	21076	22854	23542

For å få eit betre tal for kor mange som besøker ulike delar av nasjonalparken vart det i 2001 sett i gang eit prøveprosjekt på ferdselsregistrering framfor Kjenndalsbreen. Dette prosjektet vart vidareført i 2002. Grunna lite oppsynsressursar har ein ikkje klart å gjere jamlege og samanliknbare registrering-ar mellom 2001 og 2002. I 2001 i høgsesongen i juli vart det over nokre dagar registrert i gjennomsnitt 300 besøkande dagleg til Kjenndalsbreen. Over ein 10 dagars periode i siste halvdel av juli i 2002 vart det registrert i gjennomsnitt 120 personar dagleg. Erfaringar med to sesongar med dette enkle regist-reringssystemet viser at det er naudsynt med jamleg ettersyn og nullstilling av teljaren. Sand og vete gjer mekanismen sårbar.

Eit overslag tyder på at kring 600 000 personar vitjar Jostedalsbreområdet kvart år.

Vinterbruken av nasjonalparken til friluftsliv er liten. Folkehøgskulane i fylket er ein av brukarane av nasjonalparken midtvinters til fleirdagarsturar. Elles er det ein aukande lokal bruk til dagsturar og bratte nedkøyringar. Ved påsketider går gjerne nokon *Josten-på-langs*, elles så er langhelgene i mai mest nytta til lengre turar på breplatået. Kring 400 personar går breen på langs kvar vår, ein tur på frå to til fire dagar.

Det ligg nokre hytter og buer innafor nasjonalparken som er opne for allmenta. Dei mest vitja er Skålatårnet og Flatbrehytta. Utviklinga når det gjeld vitjingar har vore slik:

	1994	**1995**	**1996**	**1997**	**1998**	**1999**	**2000**	**2001**	**2002**
Skålatårnet	1560	1624	1260	1175	759	1500	ca. 1400	1175	1650
Flatbrehytta	1200	1700	1970	1600	1200	1267	ca. 1200	ca 1350	?

Dei lokale turlaga, Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Den Norske Turistforening (DNT) og fjell- og breførarlaga arrangerer turar og kurs på Jostedalsbreen.

Oversikta under viser kor mange turar som har vore gjennomført av dei lokale turlaga (som høyrer til Sogn og Fjordane Turlag) i Jostedalsbreområdet.

	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002
tal turar	31	27	23	23	19	20	22	22	17	13	ca.30*
tal delt.	759	826	697	669	445	629	515	539	377	384	ca.600*

** endelege tal for 2002 er ikkje komne enno*

Guida turar

Dei aller fleste av dei guida turane på bre går i blåisen på Nigardsbreen, på Briksdalsbreen, på Haugabreen og på Bødalsbreen. Breførarlaga sin formidling av bre og brenatur på dei guida turane tilfører dei besøkande interesse og kjennskap til naturen og nasjonalparken.

Tal deltakarar på dei guida turane i Jostedalsbreområdet ligg på i underkant av 20.000.

Fleire av fjell- og breførarlaga har òg mange andre friluftslivstilbod både innafor og utafor nasjonalparken. Nokre av dei mest klassiske turane vinterstid er Jostedalsbreen på langs. Elles er fjell- og breførarlaga opne for å tilby skreddersydde turtilbod og turtilbod utanom det oppsette programmet. Det er ei lita auke i etterspurnaden etter slike turar.

Firmaet *Bre og Fjell* hadde sin fyrste sesong i 2002 med tilbod om faste dagar med breføring med utgangspunkt i Flatbrehytta. Det har tidlegare ikkje vore eit fast tilbod om breføring i Fjærland. Terrenget er krevjande ettersom ein fyrst må gå dei 1000 høgdemetrane på sti opp til Flatbrehytta.

Desse selskapa dreiv kommersiell breføring i 2002 på brearmane innafor nasjonalparken:

- *Jostedalen Breførarlag, Jostedal* (Nigardsbreen, Fåbergstølsbreen)
- *Olden Aktiv, Briksdalsbre* (Briksdalsbreen)
- *Briksdal Breføring, Briksdalsbre* (Briksdalsbreen)
- *Breoppleving, Sandane* (Briksdalsbreen og Bødalsbreen i samarbeid med Briksdal Breføring)
- *Glacier Team, Skei* (Haugabreen)
- *Bre og Fjell, Fjærland* (Flatbreen, Supphellebreen)

Alle fjell- og breførarlaga legg stor vekt på tryggleik og bruk av breførarar med høg kompetanse. Norsk Fjellsportforum (NF) sin «norsk standard» for krav til ulike typar alpin ferdsel (klatring, brevandring) er i dag retningsgjevande for krav til kompetanse som gjeld. Jostedalen Breførarlag er også medlem av det internasjonale tindevegleiarforbundet som forvaltar den høgste fagkompetansen innan fjellsport i inn- og utland.

Ved Briksdalsbreen og Nigardsbreen, dei to breane der det vert ført fleire tusen turistar på breen kvart år, er det faste og gjennomarbeidde rutinar for handsaminga av ulukker mellom breførarane, høvesvis Briksdalsbre Fjellstove/Breheimsenteret og lensmannen. Dette gjer at handteringa av eventuelle ulukker skjer så raskt og godt som mogleg.

Det er lite andre typar guida turar enn bre- og fjellturar i nasjonalparken. Jostedalsbreen nasjonalparksenter har i nokre år hatt tilbod om to guida naturstivandringar kvar veke. Det er ei lita auke i etterspurnaden etter slike turar.

3.7 Målingar av breen

Kvart år blir det utført fleire ulike glasiologiske, hydrologiske og meteorologiske målingar av Jostedalsbreen. NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat), på vegne av Statskraft, gjer årlege massebalansemålingar på Nigardsbreen og Austdalsbreen i tillegg til ei rekke brefrontmålingar. Elles nyttast ofte delar av breen i forskings- og undervisningssamanheng av universitet og høgskular i inn- og utland.

Den lengste kontinuerlege massebalanseserien på Jostedalsbreen er for Nigardsbreen (sidan 1962). Massebalanse omfattar målingar av den oppsamla (akkumulerte) snømengden i vintersesongen og målingar av dei totale smeltinga av snø og is i sommarsesongen. Forskjellen mellom desse er nettoba-

lansen. Nettobalansen vert positiv dersom det kjem meir snø i vintersesongen enn det smelter vekk i løpet av sommarsesongen. Med ein positiv nettobalanse vil breen auke i volum og brefrontane vil etterkvart rykke fram.

I 2002 viser tal at etterjulsvinteren var varmare og meir nedbørsrik i heile landet enn normalt. 25% meir nedbør kom i løpet av dei fyrste vintermånadene på Vestlandet enn normalt. Vinternedbøren førte til at vinterbalansen på breen var i hovudsak som normal. Middeltemperaturen for heile landet i mai-september var 2,1 grad over normalen og det er det høgste som er målt sidan dei meteorologiske målingane starta i 1866. August var spesielt varm med 4-5 grader varmare enn normalt i Sør-Noreg. Dette førte sjølvsagt til rekordhøg sommarbalanse.

Massebalansen vert rekna i vassekvivalentar det vil si snø rekna om til vatn. På Nigardsbreen var vinterbalansen 2,4 meter vassekvivalentar (1,75 i 2001), medan sommarbalansen var –3,3 meter (–1,97 i 2001). Det gav ein negativ nettobalanse på –0.9 meter vassekvivalentar (–0,22 i 2001). På Austerdalsbreen var vinterbalansen 2,0 meter vassekvivalentar (1,04 i 2001) medan sommarbalansen var –4,1 meter (–2,66 i 2001). Dermed var nettobalansen negativ – 2,1 meter vassekvivalentar (-1,61 i 2001.)

Kvar haust tek NVE og andre faginstansar òg brefrontmålingar (frontposisjonsmålingar) på 9-10 brearmar på Jostedalsbreen. Desse er: Austerdalsbreen, Bergsetbreen, Brenndalsbreen, Briksdalsbreen, Bødalsbreen, Fåbergstølsbreen, Kjenndalsbreen, Nigardsbreen og Stegholtbreen.

Oversikt som viser tal meter framrykk eller tilbaketrekking i året (tala er henta frå NVE):

	1997-1998	**1998-1999**	**1999-2000**	**2000-2001**	**2001-2002**
Austerdalsbreen	5	0	5	-20	+5
Bergsetbreen	1	-3	9	-13	-17
Brenndalsbreen	10,5	5	0	-17	-20
Briksdalsbreen	-3	-2	-30	+1	-16
Bødalsbreen	9	20	4	-9	-2
Fåbergstølsbreen	23	28	25	-20	-28
Kjenndalsbreen	-4	-7	-1	-48	-17
Nigardsbreen	23	17	23	-4	-1
Stegholtbreen	9	6	8	-15	-2
Store Supphellebre		24	-46	-9	-28

Målingane av brefronten vert gjort for eit punkt i brefronten. Andre delar av brefronten kan ligge både lenger fram eller lenger bak.

3.8 Landbruk

Landbruksdrifta i nasjonalparken gjeld for det meste beiting. Omfanget kunne mange stader ha vore større for å hindre attgroing og dermed halde kulturlandskapet i hevd. Det ligg fleire stølar i nasjonalparken, men ingen vert drive på tradisjonelt vis – utover beiting. Fleire stader kan eigna seg til å ta opp nokre av dei tidlegare driftsmåtane på stølen for å vidareformidle kulturlandskapstiltak som til dømes slått og lauving.

Det er pr. 31.12.2002 ein fleirårig dispensasjon til vedhogst til eigen bruk i nasjonalparken (i Brenndalen, Stryn kommune), for perioden 2000-2004. Fleire grunneigarar i områda der forvaltningsplanen gjev opning for vedhogst, har meldt interesse for dette.

Det har vore gjeve både løyver og tilskot for å legge til rette for ei landbruksdrift innafor nasjonalparken ved å utbetre bufarsvegar og bygge bruer for å lette beitinga.

3.9 Dyreliv og jakt

Det er også i 2002 observert jerv og spor etter jerv fleire gonger i Jostedalsbreområdet. Observasjonane er gjort i nordlege delar av nasjonalparken (Stryn og Luster kommunar) .

Med omsyn til det biologiske mangfaldet er Jostedalsbreområdet truleg særleg viktig for rovfuglar og spesiell insektsfauna i brenære område. For å få betre oversikt over dyre- og fuglelivet vert alle oppfordra om å melde frå til oppsynet om interessante dyre- og fugleobservasjonar. Det er òg viktig å melde frå om ein oppdagar turistar eller andre som viser påfallande interesse for rovfuglar og andre sjeldne fuglar med tanke på faunekriminalitet.

Den nordlege delen av nasjonalparken ligg i ytterkanten av beiteområde for villreinen i Ottadalsområdet. Hovuddelen av villreinjakta vert drive utafor nasjonalparkgrensa. Også Svartebotn villreinområde ligg delvis innafor nasjonalparken. Det er noko småviltjakt (hovudsakleg rype) og hjortejakt i nasjonalparken.

SNO-Jostedalsbreen fekk i 2002 tilbod om å ta del i eit terrestrisk overvåkingsprogram med kartlegging av smågnagarar. Ut frå kapasitetsomsyn vart ikkje dette prioritert.

3.10 Forsøpling, slitasje o.l.

Avfall og forsøpling utgjer nokre stader eit problem i nasjonalparken. Det er noko problem med søppel (plastposar, ølboksar, teposar, aviser m.m.) ved dei mest nytta stadene på breplatået, mellom anna i Ståleskardet og på Høgste Breakulen. Tilhøva er likevel betra dei seinare åra.

I tillegg er det viktig for villmarkskjensla at stein, pinnar (sjølvlaga teltpluggar) og liknande ikkje vert liggjande i snøen/på bre-isen når folk reiser frå overnattingsstaden. Slike små inngrep gjer at eit område ikkje lenger har eit urørt preg. Utviklinga tydar på at det er ei positiv haldningsendring i retning av *sporlaus ferdsel* i utmark blant brukarane av Jostedalsbreområdet og nasjonalparken.

I dei mest vitja turistområda kring breen er det ikkje registrert spesielle problem med forsøpling takka vere god tilrettelegging og oppfølging av lokale reiselivsbedrifter, kommunar og grunneigarar. Ofte er det eit lokalt initiativ som står bak utbetringane av toaletttilhøva kring nasjonalparken. Dei viktigaste plassane der det manglar toalett no er ved parkeringsplassane ved Greidung i Erdalen (Stryn) og ved Bergset i Krundalen (Luster).

Mosjonsløpet ”Skålatårnet 1848 meter rett opp” vart arrangert for første gong i 2002. Arrangement i nasjonalparken må ha eiga løyve, og fylkesmannen gav dispensasjon. I alt deltok kring 300 personar. Arrangementet gjekk knirkefritt, og det vart rydda godt opp i etterkant. Vi registrerte likevel ein del slitasje i form av snarvegar til stien, noko som truleg skuldast at deltakarar tok snarvegar på veg ned (forbod mot snarvegar under løpet), og fordi nokre deltakarar brukte sko med piggar under. Dette vil bli vurdert i samband med dispensasjon for løpet som er planlagt i 2003.

Ein søknad om kjemisk ugrasbekjemping (round-up) langs vegen i Nigardsbreen naturreservat fekk avslag.

3.11 Bygge- og anleggsaker

Ved alle byggesaker o.l. i nasjonalparken og tilgrensande område samarbeider fylkesmannen med kulturavdelinga i fylkeskommunen (tidl. fylkeskultursjefen) om utforming m.m. for å sikre ivaretaking av tradisjonell og god byggeskikk. Det kom søknad om følgjande inngrep/anleggstiltak i nasjonalparken i fjor:

- løyve til tre ulike tiltak på stien (på nordsida av elva) i Sunndalen (løyve og tilskot)
- løyve til å byggje ein ny og noko større Flatsteinbu (Oldedalen i Stryn)

I Nigardsbreen naturreservat kom det søknad om følgjande byggje- og anleggstiltak

- hogst av vedskog (verneforskrifta gjev opning for denne hogsten)
- tiltak i samband med NVE sine målingar på og framfor Nigardsbreen

Dei mange anleggstiltaka i Nigardsbreen naturreservat som blei gjort i 2001 fordi breelva har funne seg nytt løp og som har ført til omlegging av stiar og bruer, har fungert godt i 2002.

3.12 Motorisert ferdsel

Motorferdsel i nasjonalparken har i 2002 hatt om lag same omfang som i 2001. Det var tre søknader om bruk av motorisert køyrety i nasjonalparken i 2002, noko som var ein søknad meir enn året før. Ein av søknadene gjaldt bruk av helikopter for media knytt til informasjon om Jostedalsbreen og nasjonalparken, dei andre var det NVE og Kjøsnesfjorden Kraftverk som sto bak.

I Nigardsbreen naturreservat var det 6 søknader om motorferdsel i 2002 mot ingen i 2001. Dei 6 søknaden gjaldt helikopter (3), båt og snøskuter (3). Alle søknadene vart innvilga.

Nedanfor følgjer ei oversikt over fleirårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken og i Nigardsbreen naturreservat:

Stad	*ansvarleg*	*framkomstmiddel*	*formål*	*år*	*omfang*
Flatbrehytta	Eirik Øygard	helikopter	drift	1999-2003	3 dg à 4 turar
Skålatårnet	Bergen Turlag	helikopter	drift	2000-2002	ein dag
Jostedalsbreen Nigardsbreen	NVE	helikopter, snøskuter	forsking	2003-2007	4 g. i året, 1-6 dagar
Brenndalen	grunneigar	traktor	vedhogst	2000-2004	10.10-10.05.
Nigardsbreen	Hafslo Røde Kors Hjelpekorps	helikopter	redningsøving	2002-2006	ein dag
Nigardsbreen	IL Bjørn	snøskuter	skiløype/renn	2002-2006	april

Det er ved dispensasjon for motorferdsel i nasjonalparken vanleg å setje som vilkår at køyringa skal skje utanom helger og fellesferie for å redusere konflikten med friluftsliv. Vidare at motorferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og at den som får løyve skal sende rapport om motorferdsla etterpå. NVE sin aktivitet med snøskuter med utgangspunkt på Steinmannen skal søkje å halde seg aust for vasskiljet på breen for ikkje å krysse ruta *breen på langs.*

Fonna Fly har tidlegare år vore stasjonert i Sogndal og har hatt turistflygingar over breen. I 2002 var dei ikkje stasjonert i område med sjøfly. Til saman opplyser dei at dei hadde om lag 20 sporadiske flygingar over nasjonalparken dette året.

Kring heile breen opplevde ein i 2002 noko meir turistflyging over nasjonalparken. Dette skuldast m.a. etablering av eit lokalt helikopterfirma. Helikopterflyging over nasjonalparken har møtt blanda mottaking frå både reiselivsnæringa og andre brukarar. I Stryn har turistflyging med helikopter vore størst og medført ein god del negative reaksjonar lokalt. Kommunen starta i 2002 opp planarbeidet for å finne fram til eventuelle faste og gode landingsplassar.

I nasjonalparken er lågtflygingsgrensa 300 meter over bakken (verneforskrifta pkt. IV, 4.1) mot 150 meter over bakken elles (forskrift til luftfartslova). I tillegg er det spesielle reglar over Briksdalen etter at Lufttenesteinspektoratet (LTI) i 1999 sendte direktiv til alle norske flystasjonar om at området her ikkje skal overflygast under 2000 fot over bakken i perioden 1.mai til 1. oktober.

Fly- og helikopterdur i nasjonalparken tek vekk opplevinga av villmark, også om flyginga skjer høgare enn 300 meter over bakken.

3.13. Andre dispensasjonar

Mosjonsløpet *Skålatårnet 1848 meter rett opp* vart arrangert for første gong i 2002. Arrangement i nasjonalparken må ha eiga løyve, og dispensasjon vart gjeve. I alt deltok kring 300 personar. Mosjonsløpet vart arrangert utan bruk av helikopter. Arrangøren gjorde ein god jobb i høve nasjonalparken, det vart rydda godt opp i etterkant, og løpet fungerte og som ei fin profilering av nasjonalparken. Det vart likevel registrert ein del slitasje i stien, noko som truleg skuldast at deltakarar tok snarvegar på veg ned (forbod mot snarvegar under løpet), og fordi ein del deltakarar brukte sko med piggar under. Dette vil bli vurdert i framkant av løpet som er planlagt i 2003.

3.14 Tiltak som har fått tilskot

Tilskot til informasjons- og tilretteeggingstiltak utgjorde kr. 25.000,- i 2002 over Fylkesmannen sitt budsjett og ca. kr. 50.000,- over SNO sitt budsjett, til saman kr. 75.000. Fylkesmannen og Statens naturoppsyn samordnar sine løyvingar til tiltak.

Tiltak som fekk tilskot i 2002

- Tiltak i Sunndalen: kr. 6 000,-
- Filmprosjekt Jostedalsbreen (to *Ut i naturen program*) kr. 25 000,- (av dette kr. 10 000,- frå forvaltningsbudsjettet
- Geologisk informasjon Jostedalsbreen nasjonalparksenter kr. 4000,-
- Informasjon Lustraguiden kr. 5 000,-
- Tilskot til arrangement av den Europeiske nasjonalparkdagen til Jostedalsbreen nasjonalparksenter kr. 5000,-
- Arrangement i samband med *Fjellas år*, til saman 16 500,-
- Informasjonstiltak, (informasjonstavle på Greidung), Oppstryn bygdeutviklingslag, 10 000,-
- Breturkartet 2002, 6 000,-
- Arrangement i samband med *Fjellas år* + tilretteleggingstiltak i Kamprehamrane, Indre Nordfjord Turlag, 10 000,-
- Informasjonstiltak i Oldedalen, turkart, samla informasjonstavle, vedlikehald av turstiar, Reisemål Stryn og Nordfjord, 10 000,-

3.15 Tiltak og aktivitetar i tilgrensande område

Korleis tilhøva er i tilgrensande område til nasjonalparken har verknader for nasjonalparken. Mellom anna har tilrettelegging med parkeringsplassar, toalett, søppelstativ og informasjon, ved sentrale innfallsportar, vore viktige for å unngå forsøpling i nasjonalparken. På den andre sida vil det utifrå eit heilskapssyn vere uheldig for nasjonalparken om det vert utført skjemmande anleggstiltak/vegbygging heilt inn mot grensa. Oppsett av hytter/buer som ikkje representerer tradisjonell eller lokal byggjeskikk vil òg kunne trekke ned på eit positivt heilskapsbilde.

Den nye parkeringsplassen for bussar ved Briksdalsbre Fjellstove er planlagd utvida mot nordaust, og gjev betre skilje mellom gåande og køyretøy. Arbeidet med parkeringsplassen vart ikkje fullført i 2000, og ein ny reguleringsplan vart lansert på slutten av 2001. Miljøvernavdelinga var saman med grunneigar, NVE og Stryn kommune og såg på reguleringsplanen i Briksdalen (utanfor nasjonalparken) i 2002. Fylkesmannen hadde varsla motsegn på tiltak i elva, men motsegna vart trekt etter at synfaringa viste at tiltaka mot flaum kunne få ei anna og god løysing/utforming med langt mindre omfattande tiltak i elva. Også andre sider av reguleringsplanen kring parkering og hestekyss er med i planen. Det vert no utarbeidd ei ny utgåve av reguleringsplanen.

Den planlagde kraftutbygginga i Kjøsnesfjorden (v/ Kjøsnesfjorden Kraftverk AS) i Jølster kommune vil påverke nasjonalparken i området mykje pga dei store inngrepa. Det gjeld m.a. tørrlagte elver, vegar steintippar og dammar. Konsesjonssøknaden vart sendt på høyring hausten 2000, og saka er ved årsskiftet 2002/2003 til handsaming i Olje- og Energidepartementet etter at NVE i mars 2002 fråråddе utbygging.

Ei eventuell bygging av Kjøsnesfjorden Kraftverk etter alt. 4 vil føre til ein reduksjon av område med "kvalifisert villmark" med 12,2 km^2 . Jostedalsbreområdet utgjer eit av dei største områda med kvalifisert villmark i Sør-Noreg (sjå innleiinga under kap. 3).

3.16 Andre tiltak og aktivitetar

Førebuingane til Europarc2003

Førebuingane til denne store internasjonale nasjonalpark- og miljøvernkonferansen starta alt i 2001. Gjennom 2002 vart mykje av planarbeidet utført. *Europarc federation* er ein nettverksorganisasjon for forvaltning av verneområde i Europa. Den er upolitisk og har over 350 medlemmar frå 35 land og har eit sekretariat i Tyskland. Kvart år arrangerast ein konferanse knytt til eit verneområde og der ein har eit hovudtema som går att gjennom konferansen. Konferansen har tidlegare ikkje vore halde i Noreg, og det var Jostedalsbreen nasjonalparksenter saman med tidlegare fylkesmiljøvernsjef Anders Anders-

sen som tok initiativ til konferansen overfor Direktoratet for naturforvaltning. Nasjonalparksenteret saman med Stryn kommune sto som arrangør av konferansen og med god hjelp frå Direktoratet, Fylkesmannen, Statans naturoppsyn, Fylkeskommunen og Den Norske Turistforening. Jostedalsbreen nasjonalpark var *signaturområde* for konferansen. Representantar frå dei fleste av etatane deltok i Europarc2002 i Wales. Her vart flagget frå Europarc overlevert til neste års arrangør i Stryn.

Gjennom 2002 vart det arbeidd i fleire komitear; hovudkomite, arbeidsutval, fagkomite, komite for marknad, økonomi og profilering og arrangementkomite. For arrangørane og for Noreg var det viktig at hovudtema for konferansen vart ei problemstilling som vi er oppteken av her. Balansen mellom naturvern og lokal næringsutvikling vart tema for Europarc 2003: *Protected Areas: Striking the balance between nature conservation and local economic development.*

I samband med førebuing av konferansen vart det arrangert eit seminar på nasjonalparksenteret i Oppstryn:

Tema: Våre nasjonalparkar- 10 års erfaring med Jostedalsbreen Nasjonalpark

Kl. 11.00- 12.30: Europarc 2003:

- **Ordførar i Stryn Nils P. Støyva**: Velkomst og orientering om Europarc Congress 2003
- **Tore Paulsen, leiar for økonomi, marknad og profilering Europarc 2003**: Økonomiske rammer og budsjett for Europarc Congress 2003
- **Berit Lein, direktør arealavdelingen Direktoratet for naturforvaltning:** Hovudtema for konferansen
- **Tom Dybwad, Fylkesmannen, leiar av Fagkomitè Europarc 2003**: Orientering om ekskursjonar under kongressen
- **Anne Kjos-Wenjum Armas, dagleg leiar leiar Jostedalsbreen Nasjonalparksenter og sekretær for Europarc 2003**: Marknadsplan for Europarc 2003
- **Anders Andersen, medlem av Fagkomitè Europarc 2003**: Norske nasjonalparkar samanlikna med nasjonalparkar i øvrige Europa: Nasjonalparksenter, bemanning, drift, oppgåver

Kl. 12.30- 13.00: Pause med servering

kl. 13.00 – 16:00: Våre nasjonalparkar – 10 års røynsle med Jostedalsbreen nasjonalpark

- **Film: Jostedalsbreen nasjonalpark (10 min))**
- **Statssekretær Andre Støylen, Miljøverndepartementet**: Bruk og vern av nasjonalparkar (30 min)
- **Dagleg leiar Jens Christian Skrede, Reisemål Stryn & Nordfjord**: Nasjonalparken si betydning for reiselivet (10 min)
- **Innlegg frå representantar for grunneigarane i Bødalen, Erdalen, Sunndalen og Oldedalen:** Samarbeidet i nasjonalparken mellom grunneigarane og miljøvernstyresmaktene (4 innlegg, kvart 5-10 min)
- **Fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**: Kva har vore viktig i forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark (10 min)
- **Naturoppsyn Anne Rudsenge, Statens naturoppsyn**: "Drift" av nasjonalparken - samarbeid om informasjon og tilrettelegging. Nosituasjonen og tankar om vegen vidare (10 min)
- **Seksjonsleiar Olav Nord-Varhaug, Direktoratet for naturforvaltning**: 10 års røynsle med Jostedalsbreen nasjonalpark – sett i høve til dei andre nasjonalparkane (10 min)
- **Spørsmål og diskusjon** (60 min)
- **Oppsummering v/ ordførar Nils P. Støyva, Stryn (5 min)**

Seminaret viste mellom anna at mange av dei aktørane som tidlegare har vore negative eller skeptiske til nasjonalparken ser no korleis ein kan samarbeide med nasjonalparkstyremaktene og få til aktivitet og tiltak som gagnar alle partar.

4. SENTRALE ARBEIDSOPPGÅVER

I hovudsak vil det vere SNO og til dels Fylkesmannen som sett i gang eller følgjer opp dei oppgåvene som er nemnt her. For mange av oppgåvene vil det vere eit samarbeid med andre aktørar som kommune, lensmannskontor, frivillige lag og organisasjonar, reiselivsverksemder og grunneigarar. Utvikling av gode samarbeidsrutinar for aktuelle partar er ein viktig del av arbeidet.

Informasjon og formidling

- Ettersyn av grensemerke og grenseskilt. Skilt som er øydelagde/stolne, vil bli erstatta Vidare oppsetting av informasjonstavler og informasjonsplakatar for Jostedalsbreen Oppsetting av store informasjonsskilt ved sentrale innfallsportar
- Informasjon om fare og oppfølging av sikringstiltak ved dei mest besøkte brearmane
- Informasjonstavle ved utsiktspunkt for Melkevollsbreen i Oldedalen
- Utvikle eit formidlingsarbeid i felt saman med nasjonalparksentra og/eller skulane
- Delta i arrangement av den europeiske nasjonalparkdagen 24. mai
- Starte opp eit pilotprosjekt for felles informasjon/skilting for nasjonalparken

Skjøtselstiltak og tilrettelegging

- Oppfølging av skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn
- Samarbeid med Bødalen Sameige om ulike sider ved friluftslivsbruken av Bødalseter (teltplassen m.m.)
- Utbetring av stien inn mot Bødalsbreen på dei blautaste partia like innafor Bødalseter (påbegynt 2001)
- Vedlikehald og reparasjon av steintrappene i den gamle ferdselsvegen over Kamperhamrane i Sunndalen
- Remerking av stiane frå parkeringsplassen inn mot Nigardsbreen
- Ny (natur-)sti mellom Breheimsenteret og parkeringsplassen i Nigardsbredalen
- Følgje opp reparasjonsarbeid i Lundeskaret og utbetring av heile ruta
- Følgje opp utbetring av sti/sikring i Oldeskaret og opp Vetledalen (Erdalen)
- Følgje opp rydding av opp- og nedgangar frå Jostedalsbreen
- Følgje opp omlegging av sti i Supphelledalen
- Utvikle ei ferdselsregistrering for sentrale innfallsportar til nasjonalparken
- Følgje utviklinga (slitasje) på stien til Skålatårnet pga auka ferdsel

Koordinerings- og organiseringsarbeid

- Koordinere samarbeidet med dei aktuelle partane for dei viktigaste innfallsportane (Jostedalen, Veitastrond, Fjærland, Stardalen, Oldedalen, Lodalen og Oppstryn)
- Utvikle eit *levande arkiv* der informasjon knytt til dei ulike innfallsportane stadig blir oppdatert

Registrering, dokumentasjon og kontroll

- Registrering av alle inngrep (vegar, bygg, merkte stiar, skilt osv.) i nasjonalparken med tilgrensande område skal vidareførast
- Stikkprøver m.o.t turistflyginga over breen vil halde fram. Situasjonen i Briksdalen må følgjast særleg nøye
- Følgje med på fugle- og dyrelivet, spesielt på villrein og rovfugl, og følgje opp eventuelle spor og observasjonar av rovdyr (jerv)
- Halde fram med fotodokumentasjon av bygg og andre gamle og nye spor etter menneske

VEDLEGG 1: Medlemmer av det rådgjevande tilsynsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalpark i perioden 1999-2003

Luster kommune:	Ernst Veum, Luster kommune, 6866 Gaupne (leiar)
	vara: Inger Marie Evjestad, Luster kommune, 6866 Gaupne
Sogndal kommune:	Kjell Fodnes, 6848 Fjærland
	vara: Arne Flatland, Torstad, 6856 Sogndal
Balestrand kommune:	Odd Aarskog, 6899 Balestrand
	vara: Jarle Midttun, Vetlefjorden, 6899 Balestrand
Førde kommune:	Nils Gjerland, Førde kommune, 6801 Førde
	vara: Kirsten Eftestøl, Førde kommune, 6801 Førde
Jølster kommune:	Ola Søgnesand, 6843 Skei i Jølster
	vara: Ivar Sægrov, 6843 Skei i Jølster
Gloppen kommune:	Aud Berge Seim, 6823 Sandane
	vara: Ester Løvland, 6823 Sandane
Stryn kommune:	Ordføraren i Stryn kommune (Nils P. Støyva), 6781 Stryn (nestleiar)
	vara: varaordføraren i Stryn kommmune, 6781 Stryn

Møteplikt og talerett:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:	Rådgjevar Tom Dybwad
	vara: Naturvern- og friluftskonsulent Johannes Anonby
Statens naturoppsyn:	Førstekonsulent Anne Rudsengen
	vara: Førstekonsulent Esben Bø

VEDLEGG 2: RETNINGSLINJER FOR DET RÅDGJEVANDE TILSYNSUTVALET FOR JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

Vedteke på møte i utvalet 22.04.1994 og endra 3.06.1998 og 3.06.1999

1. Det rådgjevande tilsynsutvalet for Jostedalsbreen nasjonalpark er oppretta i samsvar med foredraget til Kgl. res. for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991.

2. I utvalet sit ein representant frå kvar av kommunane med areal i nasjonalparken (Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar).

   I tillegg har ein representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ein representant frå Statens naturoppsyn, dei to organa som representerer høvesvis ansvarleg forvaltningsstyresmakt og dei daglege arbeidsoppgåvene i nasjonalparken, møteplikt. Desse 2 representantane har talerett i tilsynsutvalet.

   Fylkesmannen sin representant er sekretær for utvalet.

3. Utvalet skal vere eit kontaktforum mellom lokalt nivå og forvaltningsstyresmakta for nasjonalparken.

4. Medlemmane i utvalet skal målbere både offentlege organ, friviljuge organisasjonar og grunneigarane sine syn på forvaltninga av nasjonalparken.

5. Grunnlaget for arbeidet i utvalet er Kgl. res. av 25.10.1991 og Kgl. res. av 18.06.1998 om oppretting av Jostedalsbreen nasjonalpark.

6. Utvalet skal ha møte minst ein gong i året. Dette møtet skal haldast i løpet av dei første 4 månadene av året. Fylkesmannen er ansvarleg for å kalle inn til møtet.

   Dersom ein medlem av tilsynsutvalet går inn for det, skal det haldast ekstra møte i utvalet.

7. Leiar og nestleiar for utvalet vert valde for 2 år om gangen.

VEDLEGG 3: Jostedalsbreen nasjonalpark 2002 **Alle foto: Anne Rudsengen**



Markering av det internasjonale fjellåret: Driftevegen frå Erdalen til Fåbergstølen. Her: kryssing av elv på Fåbergstølsgrandane.



Nokon frå turfølgje frå bilde over. På veg ned Lodalsbrekka der våre "forfedre" drifta kyr og hest.



Fylkesmannen sin representant opnar "Jungelbrua" over breelva framføre Nigardsbreen.



Store og særmerkte vardar viser den gamle vegen over Kamprehamrane, frå Sunndalen til Sjåk.



Glasiolog Alte Nesje fortel geologi- og brehistorie til lydhør gruppe framføre Bødalsbreen



Med eitt vart eg vàr eg ikkje var aleine: Nokre geit dukka opp i bratta innafor Gallen i Stardalen.



Geita er truleg den beste "aktøren" i landskapspleie i nasjonalparken. Dessverre vert dei stadig færre.



Utsyn mot Veitastrond frå Nystølsnovi, som er ein av dei bratte nedgangane frå breen mot Tungestølen




Nye jarn-wire, sikringar og ny merking av Lundeskardet i Jølster.



Dei besøkande vil gjerne gå tett inn mot brefronten og ser ikkje støtt alle farane. Frå Kjenndalsbreen



Pissaren: Naturleg og særmerkt foss rett utafor nasjonalparkgrensa i Sygnesandsdalen i Jølster.



Ruteflotsetra, opp frå Lovatnet, er vanskeleg tilgjengeleg og lite vitja av andre enn eigarane.



Særmerkte lausmasseformasjonar på elvedeltaet inst i Sygnesandsdalen.




Luster turlag får med over 40 personar på ein 50 km lang skitur opp heile Tunsbergdalsbreen i april



Mange besøkande til nasjonalparken er interessert i meir informasjon. Her ved Kjenndalsbreen



Snønipa visast godt med stor avsmelting av breane sommaren 2002. Haugadalen og Stardalen framfør



Fleire større kollaps av brefronten på Nigardsbreen denne sommaren.



Mengde og storleik på isbrebiter i elva førte til mindre tre dukka under ved Nigardsbrevatnet



Delar av Grovabreen utgjer eit majestetisk skue mot Bjørnalægskarven i bakgrunnen



Lett synleg hytte ved Femtevatnet i Haukedalen. Lekkasje tross heildekka med aluminium.



Kontroll og innmåling av grensemerkene kring nasjonalparken, her i Nesdalen



Bre, beiting og – beautiful! Tre B-ar som karakteriserer mange av turane i nasjonalparken. Her ved Litlegrø og med Grovabreen bak.



Fjerdevatnet i Haukedalen. Ein av dei få private hyttene som ligg i nasjonalparken er midt på bilde.



Kulturminne eller hærverk? Namn og årstal rissa inn i lav og mose ved Trollavatnet, Jølster



Startskotet for ”Skåla opp” Kring 300 deltok på dette 1800 meter lange motbakkeløpet.


Representantar frå den rådgjevande utvalet for nasjonalparken på synfaring ved Melkvollsbreen


Utsyn frå det kjente fjellframspringet Kaldakari, med utsyn til Snauedalen og Veitastrond


Syklist på veg inn stien til Kjenndalen. Offroad-sykling er inga problem i nasjonalparken.


Ny informasjonstavle inst i Lodalen, ved Kjenndalsstova, fortel om kulturhistoria i området


38 turgåarar i alle aldre gjekk turen frå over breen og er med på å halde den felles kulturhistoria mellom Oppstryn og Jostedalen vedlike.
(foto: Nils Støyva)